



Noregs vassdrags- og energidirektorat

Bergen, 19.12.23

Høyringsfråsegn Øygarden transformatorstasjon

Bergen og Hordaland Turlag (frå her kalla Turlaget) vart grunnlagt i 1890 og er vestlandets største friluftslivsorganisasjon med 30 000 medlemmer. Turlaget er tilslutta Den Norske Turistforening (DNT) som har over 320 000 medlemmer på nasjonal basis. Turlaget sitt føremål er å tilretteleggja for eit aktivt, allsidig, enkelt og naturvenleg friluftsliv, og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag. Sotra og Øygarden Turlag er eit lokallag i Turlaget.

Oppsummert meiner Turlaget at:

- Alternativ 1 må endrast for å gje akseptable verknader for friluftslivet, då framlegget, slik det er omsøkt, vil vere svært skadeleg for naturopplevingane i og ved det populære klatrefeltet «Uteveggen».
- Alternativ 1 kan gje mindre miljøskade enn alternativ 2, særleg for friluftslivet, og er slik sett å føretrekke.
- Konsekvensutgreiinga (KU) tilfredsstiller ikkje krav i forskrift om konsekvensutredninger §19, §21 og §22. NVE bør påpeika dette og vurdera å be om ny KU for friluftsliv.
- Turlaget vil bidra vidare i prosessen for å komme fram til ei god løysing som gjev naudsynt nettutvikling med akseptable miljøverknader. Turlaget vil samstundes minna Statnett om at god og rask nettutvikling vert lettare om ein involverer berørte aktørar tidlegare i prosessen.

Samfunnsnytten i å prioritere natur og friluftsliv

Friluftsliv er ein viktig del av livet til mange menneske. Det er vår medlemsmasse med å synleggjere, og det vert framheva i den nyleg vedtekne «Regional plan for kultur» for Vestland fylke:

Friluftsliv er eit lågterskeltilbod, og eit av dei områda som har størst deltaking bland innbyggjarane i Noreg. Heile 97% av alle over 16 år deltok i 2021 på ein friluftslivsaktivitet, og nesten halvparten svarar at dei går på tur i nærmiljøet fleire gonger i veka.¹

¹ Regional plan for kultur, s. 35. Tilgjengeleg frå: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/regional-plan-for-kultur/midlertidige-filer---ferdig-plan/230322-regional-plan-for-kultur.pdf>



Kva den enkelte får ut av friluftsliv vil kunne ha mange variasjonar, men ein kan legga til grunn at det er knytt til «opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse».² Desse individuelle opplevingane er i seg sjølv ein viktig verdi å verne om. I tillegg peikar Stortingsmelding 18 (2015-2016) på at friluftslivet er ein nøkkel til folkehelse.

Naturopplewingar er viktig for den psykiske helsa, noko som gjer friluftslivet, med sin kombinasjon av fysisk aktivitet og naturopplewing, spesielt viktig for folkehelsa.

Natur og friluftsliv har også stor verdi for turistnæringa. *Stortingsmelding 19 (2016–2017) Opplev Norge – unikt og eventyrlig* legg til grunn at: «Natur og utmark er kjernen i det norske reiselivsproduktet. Norges særeigne natur gir oss et komparativt fortrinn og et stort potensial for økonomisk verdiskaping og næringsutvikling».

Konsekvensutgreiinga har manglar

Turlaget meiner konsekvensutgreiinga (KU) ikkje gjev ei tilstrekkeleg vurdering av konsekvens for friluftsliv, og vil be NVE underkjenne eller overprøve denne.

Utgreiinga omtalar ikkje ny 420kV linje, og gjev slik sett ikkje ei tilfredsstillande skildring av «tiltakets fysiske egenskaper, lokaliseringen (...) og arealbehovet (...)", slik § 19 i *forskrift for konsekvensutredninger* set krav om. KU gjer heller ikkje greie for alternative utformingar, teknologi og lokalisering for ny 420kV linje i alternativ 1, sjølv om dette burde vore nærliggande for forslagsstillar å vurdera. I KU for friluftsliv kan ein lesa at «Utredningen må oppdateres når informasjon om tilhørende kraftledninger foreligger»³. Oppdaterte utgreiingar er ikkje lagt føre, men konsekvens er likevel sett utan at denne opplagte mangelen er problematisert.

KU inneheld ikkje skildringar av korleis den nye kraftlinja, det klart mest skadelege elementet ved det omsøkte tiltaket, påverkar «Uteveggen», eit av områda med høgast verdi. Dette meiner Turlaget medfører at KU, for tema friluftsliv, ikkje «(...)vurdere(r) vesentlige virkninger for miljø og samfunn» slik §21 i forskriftera krev.

Dei over nemnde tilhøva fører med seg at konsekvens for «Uteveggen», ved bygging av alternativ 1, kan vere sett for lågt. Ny 420kV linje er i søknaden teikna i tvers over den populære klatreveggen, og vil utan tvil dominere landskapsbiletet og naturopplewinga. Turlaget meiner klatreområdet kunne fått påverknadsgard «forringet (...)» då attraktiviteten kan verte «sterkt forringet»⁴ av ei klatrelinje tvers over eit område som, grunna topografien, framstår som urørt. Vidare er det sannsynleg at støy frå den nye linja vil vere eit problem, men dette er i KU berre omtala på følgande vis på side 156:
 «Lydbilde: Det er ikke utført støyvurdering i forbindelse med utredningen, men tiltaket vil trolig forverre lydbilde noe».

² St.mld. 18 (2015-2016), s.10 (vår uthenvning)

³ KU s.172

⁴ Jmf. M-1941 sine kriterier for grad av påvirkning.



KU er svak når det gjem til metodikk knytt til friluftsliv, og det er vanskeleg å etterprøva vurderingane som er gjort. Særleg meiner Turlaget at KU ikkje møter KU-forskriften §22 sitt krav om at:

Beskrivelsen skal omfatte utfordringer, tekniske mangler og kunnskapsmangler som har påvirket sammenstillingen av informasjonen og de viktigste usikkerhetsfaktorene ved utredningen.

Endeleg vil Turlaget påpeike at KU definerer eit relativt stort influensområde, og set som følgje av dette konsekvens for heile 24 ulike delområde for friluftsliv. Turlaget er sjølv sagt glade for at ein definerer eit vidt nok mogleg influensområde, og slik opnar for at visuelle verknader, som ofte har lang rekkevidde, kan verta vurdert for moglege område. Det vert derimot problematisk når det er uklart om det store talet delområde som er vurdert, men ikkje reelt sett berørt av nokon av alternativa, har bidrege til å trekka samla konsekvens for friluftsliv for lågt.

Som alt nemnd, meiner Turlaget at «Uteveggen» kan vera «forringet», noko som gjer at konsekvensen for klatrefeltet kan vera «Alvorleg konsekvens». Då skal konsekvens for deltema friluftsliv vera «middels negativ konsekvens». Dette poenget meiner me er ytterlegare forsterka av at KU syner at det berre er 4-5 av delområda som er reelt sett påverka av tiltaket, og at konsekvensen for «Uteveggen» slik sett bør tilleggast relativt stor vekt.

Turlaget vil også peike på at konsekvens for friluftsliv i alternativ 2 er sett for lågt. Turområdet «Steinsvatnet rundt» har «stor verdi». KU vurderer påverknad langs tre påverknadsfaktorar, der «attraktiviteten» og «tilgjengeligheten» vert «sterkt forringa», medan «arealbeslaget» er «noe forringa». Turlaget meiner desse vurderingane er rimelege. I M-1941 skriv Miljødirektoratet at «For hver påvirkningsgrad er det tilstrekkelig at ett kulepunkt oppfylles», og Turlaget les dette som at total påverknadsgrad ikkje kan justerast ned frå «sterkt forringa» fordi arealbeslaget berre representerer «noe forringet». Av den grunn vil dette området, etter Turlaget sitt skjønn, måtte få konsekvens «alvorleg miljøskade». I sum medfører dette att også alternativ 2 må få «middels negativ konsekvens» for deltema friluftsliv.

Alternativ 1

Turlaget meiner det føretrekte alternativet i søknaden er det som kan verte best med tanke på verknader for friluftsliv, men at linjetraseen må endrast for at tiltaket skal vera akseptabelt.

Uteveggen

Verdien til denne klatreveggen er i KU er sett til *svært stor verdi*, og både verdi og grunnlag for verdsetjing gjev eit godt bilet av dette friluftslivsområdet, som me her vil skildre nærmare.

Som me skriv i innleiinga, er naturopplevinga essensiell for friluftslivet, og i naturoppleving inngår både naturmangfold og eit komplekst spekter av sanseopplevelingar. «Uteveggen» framstår som eit mikrounivers med unike kvalitetar for naturoppleving. Veggen ligg i ein sprekkeldal, i dominerande brotretning parallelt med Øygarden og Hjeltefjorden, der dette sokket fører til at alle store tekniske inngrep hamnar ute av syn. Også mykje av støyen vert hindra i nå denne terrengformasjonen som



slik sett gjev ein kjensla av stillheit og urørtheit berre 5min gange frå vegen. Området har i tillegg ei sandstrand ut i ei vakker blå lagune, veleigna for bading, og her er flate små lyng- og grasflekkar, gode for lengre opphold på fine sommardagar.

Klatreataktivitet er ein samansett oppleving. Sjølve klatringa er intens og i nær kontakt med fjellet, seg sjølv, og dei ein klatrar med. Under klatringa er bergformasjonen og kvaliteten av stor betydning for naturopplewinga. På ei klatreøkt vert betydeleg tid også nytta til å opphalde seg og slappe av under fjellveggen. Dette er ei oppleving der fokus gjerne vert breiare og opplewinga i endå større grad er påverka av landskapet, stillheita og andre kvalitetar ved naturmangfaldet. Sagt enklare: når ein ikkje klatrar, så sit ein i graset, badar eller grillar og fin stor glede i roen og det vakre området som skrår ned mot stranda og sjøen, verna av fjellveggen mot støy og utsyn til vegar, industri og andre inngrep som elles pregar området.

Det er grunn til å tru at desse opplewingane er av stor betydning for dei mange psykologiske positive verknadene som vert knytt til fenomenet naturopplewing.⁵

Området er svært tilgjengeleg. Nær Noregs nest største by, og med kort vandring frå parkeringsplass. Her finn ein vennegjengar, barnefamiliar og organiserte grupper klatrande, badande og grillande. På fine dagar er det alltid fullt av folk her.⁶ Fjellsportgruppa i Turlaget held årleg fire kurs for nybegynnarar i «Uteveggen», med totalt over 50 delaktige. Fjellsportgruppa i turlaget har også 3-4 organiserte samlingar og turar her, og det kan vere mellom 50 og 100 deltakarar totalt på desse arrangementa.

Avbøtande tiltak – alternativ plassering av 420kV linje

Om konsekvensen av omsøkt 420kV linje hadde vore utgreia, ville det også vore naturleg å utgreie avbøtande tiltak. Turlaget vil difor støtte Bergen Klatrekubb sitt framlegg om ei konkret omlegging av føreslått trase, som avbøtande tiltak.

Vår tilråding er at 420kV linje vert vurdert lagt i jord-/sjøkabel ved Osundet. Dette kan forsvarast då dette kan gje: «(...) særlige miljøgevinster sammenliknet med luftledning (...)»⁷ for ei svært kort strekning. Det er viktig at ein eventuell jord- og sjøkabelløysing ikkje medfører inngrep i eller rett ved klatrefeltet.

Sekundært vil me tilrå vi at alle kraftlinjer konsentrerast på sørsida av klatrefeltet der dagens linjetrasear går. Slik unngår ein at kraftlinjene brer seg utover eit større område enn det som er tilfelle i dag, og på den måten forringar kvalitetane i eit større område enn naudsynt.

Vidare er det viktig at det i ein detaljregulering av mastepunkt vert teke omsyn til klatrefeltet slik at


⁵ For ein større kunnskapsgjennomgang, sjå Miljøverndepartementet (2008). *Naturopplelse, friluftsliv og vårt psykiske helse Rapport fra det nordiske miljøprosjektet "Friluftsliv og psykisk helse"*. Tilgjengeleg frå:

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/md/vedlegg/rapporter/t-1474.pdf>

⁶ Personleg meddeling frå Birgithe Roald, klatrar og leiar i aktivitetsavdelinga i Turlaget.

⁷ St.mld. 14 (2011-2012)

ikkje klatrerute eller tilkomst til klatrefeltet vert øydelagd.



Illustrasjon attgjøve frå fråsegn frå Bergen Klatreklubb: Raud strek er framlegg til ny luftlinje. Jord- og sjøkabel må eventuelt leggast ned på eit vis som ikkje krev inngrep i klatreveggen.

Alternativ 2

Turlaget meiner dette ikkje er eit alternativ som kan realiserast, då det vil gje stor skade på eit nærturområde av høg kvalitet og med høg brukarfrekvens.

Steinsvatnet rundt

KU forklarar godt kvifor dette er eit område med (svært) stor verdi. Her er ressurspersonar i DNT nytta som informantar, og me vil understreka at me tykkjer KU skildrar området godt. Turlaget vil i tillegg gje noko utfyllande informasjon. Floten og Knarvik Vel har nyleg fått midlar til å kloppa og utbetra området, mellom anna frå Turlaget. Dette vil gjera tilrettelegginga av dei våte områda endå betre, og truleg kunne auka bruken på sikt. Området er, slik KU skildrar, mykje nytta til uorganisert tur for lokalbefolkninga. I tillegg har lokallaget, Sotra og Øygarden Turlag, organiserte aktivitetar her. Mellom



anna vert det arrangert lågterskelturar her med fokus på å skapa sosiale møteplassar og førebygga einsemd.

Oppsummering

Turlaget meiner alternativ 1 kan gje mindre miljøskade, særleg for friluftslivet, enn alternativ 2, og alternativ 1 er slik sett å føretrekka. Men alternativ 1 må endrast for å gje akseptable verknader for friluftslivet, då framlegget, slik det er omsøkt, vil vera svært skadeleg for naturopplevingane i og ved det populære klatrefeltet «Uteveggen».

Konsekvensutgreiinga (KU) omfattar ikkje konsekvensane av kraftlinjer og tilfredstiller, slik sett, ikkje krav i forskrift om konsekvensutredninger §19, §21 og §22. NVE bør difor rette kritikk til Statnett for dette tilhøve, og vurdera å be om ny KU for friluftsliv.

Turlaget håper NVE tek omsyn til våre innspel, og vil gjerne bidra vidare i prosessen for å komma fram til ei god løysing som gjev naudsynt nettutvikling med akseptable miljøverknader.

Beste helsing

Elisabeth Skage
Styreleiar
Bergen og Hordaland Turlag

Heidi Reisegg Endal
Styreleiar
Sotra Øygarden Turlag

Helene Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag

Dag Sandvik
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag